

**Reglement for GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE i Fusa kommune -  
vedteke i kommunestyret 20.02.13.**

Revidert av kommunestyret i sak nr 30 /2017 den 27.04.2017:  
Vedtaket er innarbeidd i reglementet nedanfor:

Satsane vert frammetter justert årleg pr 01.05 sjå punkt 1.1 og 1.3  
Revidert med satsar pr 01.05.2017.  
Reglement gjeldande fra 01.05.2017

1.1	<b>Fast årleg godtgjersle</b>	Kr
1.1.1	Ordførar	<b>835.742,-</b>
1.1.2	Varaordførar 10% av ordførargodtgjersle	<b>83.574,-</b>

Godtgjersla til ordføraren er 90% av stortingsrepresentantane si årsgodtgjersle ( kr 928.602,- pr 01.05.2017), og skal frammetter justerast i takt med utviklinga til stortingsrepresentantane.

1.1.3	a) Leiarane i • Planutvalet <b>4 % av ordførargodtgjersle</b>	<b>33.429,-</b>
	• Kontrollutvalet <b>3 % av ordførargodtgjersle</b>	<b>25.072,-</b>
1.1.4	<b>Gruppeleiarane Fast årleg godtgjersle</b>	<b>2.500,-</b>

*Skal m.a. dekka møteverksemd der det ikkje vert ytt  
møtegodgjering*

1.2 Møtegodtgjersle

1.2.0	Leiarane i • Takstutvalet • Overtakstutvalet • Røystestyra • Klagenemnda • Administrasjonsutvalet • Ungdomsrådet • Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne <b>1,6 % av ordførargodtgjersle</b>
-------	--

**1.335,- pr. møte**

### **1.2.1 Medlemer og møtande varamedlemer i**

- Kommunestyret
- Formannskapet
- Planutvalet
- Klientutvalet
- Kontrollutvalet
- Administrasjonsutvalet
- Overformynderiet
- Takstutvalet
- Klagenemnda
- Overtakstutvalet
- Røystestyra
- Ungdomsrådet
- Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne
- Valstyret
- Ad-hoc og eventuelle andre verv etter nærmere vedtak av kommunestyret

**1,23 % av ordførargodtgjersle**

**1.030,- pr. møte**

### **1.2.2**

For særleg byrdefulle oppdrag, der vervet krev mykje arbeid utanom vanlege møte, vert det gitt ei godtgjering tilsvarende promille evt. prosent av ordføraren si godtgjering. Slik samla møtegodtgjering/arbeidsgodtgjering vert fastsett når ein ser kor byrdefullt vervet har vore. Den folkevalde dokumenterer/synleggjer arbeidsmengda knytt til slike særlege oppdrag. Kommunestyret vedtek slik godtgjersle når oppdraget heilt eller delvis er utført.

### **1.3 Nærare retningsliner**

Den faste årlege godtgjersla etter punkt 1.1.1, 1.1.2, 1.1.3 og 1.1.4 betalt ut via lønssystemet og betalt med lik sum over 12 mnd. Godtgjerslene vert regulert fra same dato som det skjer endringar i stortingsrepresentantane si godtgjersle 01.05. Ordførar, varaordførar, leiar av planutvalet og kontrollutvalet si møtegodtgjersla framgår av 1.1 og 1.2.0.

**1.3.1** For seminar, kurs og konferansar tilrådd av Fusa kommune vert tapt arbeidsforteneste dekka. På innkalla møte med møteplikt vert det gitt møtegodtgjersle.

**1.3.2** Dersom det er fleire politiske møte pr dag skal det utbetalast godtgjersle for kvart politisk møte.

**1.3.3** Møtegodtgjersla skal spesifiserast på lønsslippen med møteperiode og antall møter per utval.

## **2. TAPT ARBEIDSFORTENESTE.**

### **2.1 SATSAR**

**2.1.1 ULEGITIMERT TAP AV ARBEIDSFORTENESTE ELLER KOSTNADSDEKNING, inntil kr. 800,- pr. møte- eller reisedag.**

**2.1.2 LEGITIMERT TAP AV ARBEIDSFORTENESTE ELLER KOSTNADSDEKNING, inntil kr. 3.000,- pr. møte- eller reisedag.**  
Inkludert sosiale kostnader

### **2.2 NÆRARE RETNINGSLINER**

**2.2.1** Reglane under punkt 2 gjeld uavhengig av om det vert betalt andre godtgjersler etter dette regulativet.

**2.2.2** Krav om tap av arbeidsinntekt eller kostnadsdekning etter punkt 2.1.1 skal ikkje dokumenterast, men den som krev utbetaling etter dette punktet skal likevel kunna sannsynleggjera at tapet er reelt - dvs. at ein skal ha eit reelt inntektstap eller ein reell kostnad som fylgje av vervet for å få dekning etter dette punktet. Kravet skal difor grunngjenvært på innlevert skjema.

**2.2.3** Krav om tap av arbeidsinntekt eller kostnadsdekning etter punkt 2.1.2 skal dokumenterast etter følgjande reglar:

**2.2.3** Krav om tap av arbeidsinntekt eller kostnadsdekning etter punkt 2.1.2 skal dokumenterast etter følgjande reglar:

#### **FOR ORDINÆR LØNSMOTTAKAR:**

- Attest frå arbeidsgjevar om trekk i løn.
- Refusjonskrav frå arbeidsgjevar med bakgrunn i politisk arbeid for Fusa kommune.

#### **FOR SJØLVSTENDIG NÆRINGSDRIVANDE:**

- Attestasjon frå likningskontoret om pensjonsgjenvarte inntekt pr. år.
- I dei høve attest for pensjonsgjenvante inntekt ikkje gjev eit korrekt bilet av det reelle tapet den folkevalde har ved å utføra vervet, kan han/ho gje ei skriftleg grunngjeving og krevja at det skal nyttast eit anna utrekningsgrunnlag.

- 2.2.4 Vederlag for tapt arbeidsinntekt skal reknast ut frå 230 arbeidsdagar i året.
- 2.2.5 Den folkevalde har sjølv ansvar for å leggja fram korrekt dokumentasjon.
- 2.2.6 Sekretæren for dei einskilde utvala har plikt til å gje informasjon om gjeldande reglar.

### **3. REISEGODTGJERSLE**

- 3.1.1 Kommunen sitt reiseregulativ skal gjelda fullt ut for dei folkevalde som for tilsette i kommunen.
- 3.1.2 Reiserekninga skal førast i samsvar med dei retringslinene skattedirektoratet set for godtgjersle.
- 3.1.3 Køyring til/frå møte skal reknast med utgangs- og endepunkt i den folkevalde sin heim i Fusa kommune. Folkevalde som i periodar bur utanfor kommunen, får dekka reis til/frå møte etter særskild vurdering, jfr. kommentarar til § 41 i Kommunelova.
- 3.1.4 All køyring i samband med møte, synfaring etc. må samordnast så godt som råd.

**Til info er utdrag frå staten sine satser pr 01.01.2017 teke med m.a.:**

Bruk av eigen bil:	kr 4,10 pr km
Passasjertillegg når andre arbeidstakere vert teke med på oppdrag	kr 1,00 pr km pr arbeidstakar

**Innarbeida eksisterande vedtak/visa til dei:**

Prinsippvedtak i sak 116/99 kommunestyresak om etterløn til ordførar vert innarbeidd.

**Pensjonsordning for ordførar går fram av kommunestyresak nr 2/14. Det vert vist til saka.**

**Ta inn gjeldande prinsipp/praksis:**

Ordførar får dekka utgiftene sine til mobiltelefon/tenestetelefon.

Ordførar får fullmakt til følgja opp at utbetalingane er i samsvar med reglementet og legg evt. tvilssaker for formannskapet til avgjerd.

Fusa kommune har vedteke reglementet slik det låg føre i referat frå møtet i arbeidsgruppa 18.04.2017. Vedtaket er innarbeidd i dokumentet ovanfor. Sak om reglement for telefon- og digital godtgjersle i Fusa kommune må fremjast til kommunestyret via administrasjonsutvalet.

**Kommunestyret gjorde elles følgjande vedtak:**

**Som oppfølging og konsekvens av Högsterettsdom**

Ved sjukmelding:

Ordførar får dekka forsikringspremien for godtgjersle dei første 16 dagane i sjukemeldingsperioden. Krav om sjukepengar må ordførar retta direkte til Nav etter reglane for frilansar. Fusa kommune dekkar differansen mellom 6xG og full godtgjersle for heile perioden.

Eventuelt for mykje utbetalte godtgjersle må ordførar betala tilbake.